

Innspel til samfunnsplanen frå Ståle Loftesnes og Oddbjørn Bukve

Eit element i det grønne skiftet vil vere å legge om til meir miljø- og klimavenlege buformer. Slike buformer krev at ein i størst mogleg grad bygger med miljøvenlege og kortreiste materialar. Det krev at ein brukar miljøvenleg energi til oppvarming og andre formål, og at det blir lagt til rettes for resirkulering av ulike typar materialar og forbruksvarer. Ein grøn livsstil vil også innebere at det blir lagt til rettes for at husstandane kan produsere ein del av sin eigen mat. Vidare må ein plassere bustadene slik at transport kan reduserast og gjerast på miljøvenleg vis.

Målet vårt med dette innspelet til samfunnsplanen er å få i gang eit eller fleire pilotprosjekt der ein legg til rettes for og prøver ut bustadbygging og daglegliv etter dei prinsippa som er skisserte over. Vi ser for oss at ein kan prøve ut prosjekt av dette slaget både i tettstader og på bygdene. Dei siste åra har det vore mykje snakk om rurbanisering, det vil seie at livsstilen på bygdene vert meir og meir lik livsstilen i byar og tettbygde strom. Vår tanke er å legge til rettes for ein omvendt rurbanisering, at det skal bli råd å leve i pakt med og tett innpå naturen og naturvilkåra anten ein bur i tettstad eller i bygda.

På bygdene er det i dag vanskeleg å få skilt ut enkelttomtar på gardane, fordi desse gjerne fører med seg inngrep i dyrka eller dyrkbar mark. Samstundes er det mange som vil flytte til bygda, men som ikkje er interesserte i å bu i byggefelt. Det vi håpar å få til, er prosjekt som omfattar eit mindre tal tomter på bruk som ikkje er fulltidsbruk, der eigaren gjerne har eit arbeid attåt bruket og gjerne vil legge til rettes for at fleire kan delta i gardsarbeid. Denne deltakinga kan organiserast på ulike måtar. Dei som bygger i eit slikt klyngetun, kan få tildelt nokre mål der dei kan dyrke egne grønnsaker og andre vekstar. Dei kan også delta i gardsarbeidet når det trengst. Busetnad i slike klyngetun opnar også for samkøyring til arbeidsplassen i dei tilfella der fleire pendlar til ein tettstad. Vi ser også for oss at det kan vere råd å få til liknande prosjekt i utkanten av tettstadene våre, så nær at bebuarane kan bruke sykkel og føtene som transportmiddel.

Når det gjeld sjølve bustadene, kan dei variere i utforming og storleik. Men vi ser for oss ein planprosess som skaper samanheng i prosjekta og gode bumiljø, td ved at ein har felles uteareal og fellesrom. Vi ser også for oss at der tilhøva ligg til rettes for det, kan dei som bur i slike bustadmiljø disponere litt jord og delta i eit bruksfellesskap der ein nyttar lokale ressursar både i byggefasen og i dagleglivet.

Det tek etter kvart til å dukke opp fleire initiativ med formål å skape meir klima- og miljøvenlege buformer. Ideen om minihus er eitt døme. Vi meiner at ein kan bruke mykje av ideane bak minihusa, men også at slike hus med fordel kan planleggast og byggast som ein del av heilskaplege bumiljø. Odelheim, der ein av oss (Ståle) er initiativtakar, er eit anna døme som inkluderer både planlegging av heilskaplege klyngetun og bruk av lokale ressursar i byggefasen og til dagleg. Vi legg ved eit par klipp om desse prosjekta.

Sjølv om dette innspelet kjem i etterkant av den formelle innspelprosessen til samfunnsplanen, håpar vi at de som planleggarar synest slike idear om miljø- og klimavenlege bustadformer er interessante, og at de tek dei med vidare i prosessen.

Vedlegg 1: Minihus – hvorfor?

Ofte får folk som bor i minihus spørsmålet om hvorfor man vil bruke penger på å bygge små boliger på bare 20m². Nedenfor er det listet opp fem viktige grunner til hvorfor man nettopp gjør dette og hvorfor man anbefaler flere å gjøre seg disse tankene.

Enklere hverdag – Enklere liv

Det handler om å forenkle de gitte rammene i hverdagen man fort faller innenfor. Flexibiliteten til å kunne reise mer, flytte på seg, og bo i omgivelser som er tilpasset visse tidsrom. Ikke binde seg opp og dermed begrense mulighetene som finnes.

Færre ting – Begrenset forbruk

Å ha et lite hjem avgrenser behovet for å eie ting. Man må tenke mer kreativt. Hva kan jeg få plass til? Hva trenger jeg? Hva kan jeg låne av andre? Hva kan jeg dele? Vi lever i et forbrukersamfunn med en økonomi som er tuftet på å hele tiden ha vekst og økt forbruk.

Ut i naturen – mer tid utenfor hjemmet

Vi tilbringer mellom 80-90% av døgnet innendørs. Nedskalering av inne-rommet til det mest nødvendige gir en større mulighet for å utnytte rommet utenfor hjemmet; hagen, nabolaget, sentrum og naturen.

Helheten & ansvaret – Bærekraft i økonomien, økologien og samfunnet

Boligen har blitt viktigere som investeringsobjekt enn som et godt hjem. Det er ikke lenger for alle å ta opp lån til egen bolig, fordi det har blitt for dyrt. Samtidig blir det mer og mer viktig å tenke på hva man bygger med og hvordan, både for miljøet, inneklimaet og helsen.

Bevisstgjøring – Muligheter og virkninger

Det er viktig å tenke på at dette er en prosess hvor målet i seg selv er de valgene man tar langs veien. Om man vil noe så må man gå for det, prøve det ut. Planlegging er viktig, men den har liten verdi om man ikke iverksetter den.

Vedlegg 2: Odelheimen - eit nytt bustadtilbod

GARDEN – Grunneigaren & eigarskapen

RESSURSANE – forvaltinga & foredlinga

BUSETNADEN – Klyngetunet & husmannsplassane – Odelheimen

RÅVARENE – Regenerativt landbruk

PRODUKSJONEN – Krinslaupsøkonomi.

Odelheimen er meir enn ein heim. Det er ein måte å leve på som tek vare på heile krinslaupet frå ressursane, råvarene til produksjon og forbruk, som ein del av busetnaden knytt til ein gard. Dei kollektive løysingane me har bygd dagens samfunn på, dannar berebjelkane i ein ny måte å tenkje busetnad på. Odelheimen skal vere sjølv hjartet i konseptet ODELHEIM. Det er her eldsjelene og drivkrafta bur.

Odelheimen skal bidra til å skape ein breiare bustadpalett kor ynskjet om å bu ein stad blir oppfylt gjennom bustader som både er økonomisk berekraftige, bygd opp av lokale råvarer og plassert i eit etablert eller nytt mikrosamfunn der individ blir ein viktig del av heilskapen. Odelheimen er utvikla, bygd og tilpassa dei som skal bu der, enten det er eit minihus på 20 m², eller ein familiebustad på 60 m². Med hjelp av enkle byggekonsept, kan ein skapa fleire løysingar som stettar behov knytt til einskilde livssituasjonar.

Odelheimen bidreg inn i eit fellesskap, enten det er ein etablert gard som ynskjer auka kompetanse og arbeidskraft knytt til drifta og utviklar moderne husmannsplassar kor eigarskapen delast utan å forringe sjølv odelen, eller ynskje om å utvikla eit heilt nytt bufellesskap eller klyngetun.

Odelheimen er for yngre og eldre, einslege, sambuarar og familiar med eit ynskje om:

- Enklare kvardag
- Færre ting
- Å bruke naturen og uteromma meir
- Ein betre heilskap & eit bevisst ansvar
- Bevisstgjering av utfordringane og moglegheitene i samfunnet

Odelheimen er bygd i takt med naturen, med eigenprodusert energi og forbruk til og klara seg sjølv. Med berekraftig produsert lokalt tømmer og innreiing, og med lokal arbeidskraft og kompetanse. Odelheimen knyter samyrke, andelslandbruk og lokalproduksjon saman til eit levande samfunn, kor ressursane finst lokalt, og utviklast som ein klynge knytt til einskilde bygder eller lokalsamfunn.

Odelheimen kan utviklast i kommunal regi, i privat regi eller knytt til institusjonar (til dømes Sogn Jord- og hagebruksskule i Aurland).